

# EØS-ORGANER

## EØS-KOMITEEN

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAGJERD (EU) 2018/313**

**2019/EØS/50/01**

**av 28. februar 2018**

**om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og  
veterinæreiningar i TRACES**

*[meld under nummeret K(2018) 1149] (\*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlkontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre markedet<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 20 nr. 1 og 3,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestaer, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 4 andre ledet andre punktumet og artikkel 6 nr. 5,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestaer<sup>(3)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF<sup>(4)</sup> er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjonar som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er ført opp i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 2) Belgia har meldt frå til Kommisjonen om at godkjenninga av kontrollsentrata Avia Partner og WFS ved Brussel-Zaventem lufthamn bør avgrensast til produkt under visse kontrollerte temperaturar. Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 3) Etter eit framlegg frå Danmark bør godkjenninga av grensekontrollstasjonen ved hamna i København avgrensast til emballerete produkt. Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 4) Tyskland har meldt frå til Kommisjonen om at dei har trekt tilbake godkjenninga av produkt ved grensekontrollstasjonen ved Hannover-Langenhagen lufthamn. Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 5) Irland har meldt frå til Kommisjonen om at dei har trekt tilbake godkjenninga av levande hovdyr ved grensekontrollstasjonen ved Shannon lufthamn. Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 6) Spania har meldt frå til Kommisjonen om at dei har mellombels oppheva godkjenninga av grensekontrollstasjonen ved Alicante lufthamn med omsyn til levande dyr og produkt som ikkje er meinte for konsum. Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 7) Etter eit framlegg frå Spania bør godkjenninga av det nye kontrollsenteret Alaire ved grensekontrollstasjonen ved Madrid lufthamn leggjast til, og godkjenninga av kontrollsenteret Frigalsa ved grensekontrollstasjonen i Vigo hamn bør fornyast. Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 60 av 2.3.2018, s. 40, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 123/2018 av 6. juli 2018 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), ennå ikke kunngjort.

(<sup>1</sup>) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

(<sup>2</sup>) TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

(<sup>3</sup>) TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

(<sup>4</sup>) Kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjonar, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærskunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES (TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1).

- 8) I vedlegg II til vedtak 2009/821/EU er det ført opp ei liste over sentrale, regionale og lokale einingar i det integrerte veterinaerdatasystemet (TRACES).
- 9) På grunnlag av opplysninga frå Kroatia bør det gjerast visse endringar for den medlemsstaten i lista over lokale einingar i TRACES. Vedtak 2009/821/EU bør difor endrast.
- 10) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr.

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkkel 1*

Vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EU vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

*Artikkkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 28. februar 2018.

*For Kommisjonen*

Vytenis ANDRIUKAITIS

*Medlem av Kommisjonen*

\_\_\_\_\_

*VEDLEGG*

I vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

- a) I den delen som gjeld Belgia, skal posten for lufthamna Brussel-Zaventem lyde:

|   |          |   |               |             |         |
|---|----------|---|---------------|-------------|---------|
| «Brussel-Zaventem<br>Bruxelles-Zaventem | BE BRU 4 | A | Flight Care 2 | NHC(2)      | U, E, O |
|   |          |   | Avia Partner  | HC-T(2)     |         |
|   |          |   | WFS           | HC-T(CH)(2) |         |
|   |          |   | Swiss Port    | HC(2)»      |         |

- b) I den delen som gjeld Danmark, skal posten for hamna i København lyde:

|            |          |   |  |                                       |  |
|------------|----------|---|--|---------------------------------------|--|
| «København | DK CPH 1 | P |  | HC(1)(2), NHC-T(FR)(2),<br>NHC-NT(2)» |  |
|------------|----------|---|--|---------------------------------------|--|

- c) I den delen som gjeld Tyskland, skal posten for lufthamna Hannover-Langenhagen lyde:

|                       |          |   |  |  |        |
|-----------------------|----------|---|--|--|--------|
| «Hannover-Langenhagen | DE HAJ 4 | A |  |  | O(10)» |
|-----------------------|----------|---|--|--|--------|

- d) I den delen som gjeld Irland, skal posten for lufthamna i Shannon lyde:

|          |          |   |  |               |    |
|----------|----------|---|--|---------------|----|
| «Shannon | IE SNN 4 | A |  | HC(2), NHC(2) | E» |
|----------|----------|---|--|---------------|----|

- e) I den delen som gjeld Spania, vert det gjort følgjande endringar:

- i) Posten for lufthamna i Alicante skal lyde:

|           |          |   |  |                   |            |
|-----------|----------|---|--|-------------------|------------|
| «Alicante | ES ALC 4 | A |  | HC(2), NHC(2) (*) | O(10) (*)» |
|-----------|----------|---|--|-------------------|------------|

- ii) Posten for lufthamna i Madrid skal lyde:

|         |          |   |                                 |                                       |         |
|---------|----------|---|---------------------------------|---------------------------------------|---------|
| «Madrid | ES MAD 4 | A | Iberia                          | HC-T(FR)(2) (*), HC-NT(2) (*), NHC(2) | U, E, O |
|         |          |   | Swissport                       | HC(2), NHC(2)                         | O       |
|         |          |   | PER4                            | HC-T(CH)(2)                           |         |
|         |          |   | WFS: World Wide Flight Services | HC(2), NHC-T(CH)(2),<br>NHC-NT        | O       |
|         |          |   | Alaire                          | HC-T(2)»                              |         |

- iii) Posten for hamna i Vigo skal lyde:

|       |          |   |               |                       |  |
|-------|----------|---|---------------|-----------------------|--|
| «Vigo | ES VGO 1 | P | T.C. Guixar   | HC, NHC-T(FR), NHC-NT |  |
|       |          |   | Frioya        | HC-T(FR)(2)(3)        |  |
|       |          |   | Frigalsa      | HC-T(FR)(3)           |  |
|       |          |   | Pescanova     | HC-T(FR)(2)(3)        |  |
|       |          |   | Fandicosta(*) | HC-T(FR)(2)(3) (*)    |  |
|       |          |   | Frig. Morrazo | HC-T(FR)(3)»          |  |

2) I vedlegg II skal postane i den delen som gjeld Kroatia, lyde:

|          |                |
|----------|----------------|
| <HR00001 | BJELOVAR       |
| HR00007  | GRAD ZAGREB    |
| HR00002  | VUKOVAR        |
| HR00003  | PULA           |
| HR00009  | ŠIBENIK        |
| HR00008  | SLAVONSKI BROD |
| HR00004  | SPLIT          |
| HR00005  | VARAŽDIN       |
| HR00006  | ZAGREB         |
| HR00010  | KARLOVAC       |
| HR00011  | SISAK          |
| HR00012  | VIROVITICA»    |